

BACHELOROPPGÅVE

Friluftsliv i folkehøgskular

Korleis har friluftsliv i folkehøgskular endra seg frå 1980-2012?

av

Kandidatnummer 100

og

Kandidatnummer 116

Friluftsliv 3.år Bachelor

ID3-322

Desember 2012



Forord

Denne bacheloroppgåva er gjennomført i forbindelse med B3 Friluftsliv ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, Sogndal, hausten 2012.

Vi ønskjer å rette ein stor takk til vår vegleder og lærer Marit Svarstad Andresen, som alltid har stilt opp på kort varsel for god vegleiing, stort engasjement og gode råd på vegen.

I tillegg vil vi rette ein stor takk til våre fire informantar. Takk for kunnskap, erfaring, engasjement og alt de ville dele med oss som har gjort denne oppgåva mulig å gjennomføre. Vi vil òg takke andre som har bidrege med informasjon, litteratur, artikkelar og nyttige tips.

Til slutt vil vi takke kvarandre for godt samarbeid, godt tolmod, positive og konstruktive kommentarar.

Sogndal 12.12.2012.

Tale Ivarhus

Vilde Holtmoen

Samandrag

Vi vil gjennom denne oppgåva finne ut om og korleis friluftsliv i folkehøgskular har endra seg frå 1980 fram til i dag. Dette vil vi sjå opp mot den generelle samfunnsutviklinga i denne perioden. For å innsnevre oppgåva har vi sett på endringar innan fire ulike område; aktivitetssinnhald og utstyr, elevar og lærarar, marknadsføring og linjenamn og verdiar.

Resultata er basert på fire kvalitative djubdeintervju med lærarar på folkehøgskular som har lang erfaring innan friluftsliv, i tillegg til eit forarbeid med innhaldsanalyse av folkehøgskulekatalogar. Vidare er desse resultata analysert, delt inn i kategoriar og kopla opp mot og samanlikna med ein teori. Vår teoridel er hovudsakleg basert på Alf Odden sin doktoravhandling (2008) som tek føre seg utviklingstrekk i norsk friluftsliv frå 1970-2004.

Resultata vi fekk utifrå denne undersøkinga viser endring på alle fire områda, men har òg trekk av stabilitet. Generelt har friluftslivet i folkehøgskular blitt modernisert, og ein kan trekke parallellar opp mot den generelle samfunnsutviklinga. Denne moderniseringa viser seg blant anna i eit mangfald av nye aktivitetsformer og nytt spesialisert utstyr. Både lærarar og elevar på folkehøgskular har i dag meir kompetanse enn tidlegare, gjerne spesialisert inn mot ein type aktivitet. Linjenamna har endra seg frå enkle, konkrete namn, til i dag å bli brukt som ein viktig form for marknadsføring, og internett har i dag teke over det meste av marknadsføringa for skulane. Resultata viser òg nokre stabile trekk i friluftsliv i folkehøgskular, blant anna blant elevane, og nokre verdiar og motiv dei har for å drive med friluftsliv.

Nøkkelord: friluftsliv, folkehøgskular, modernisering

Innholdsliste

| | |
|---|----|
| Samandrag..... | 3 |
| 1. Innleiing | 5 |
| 2. Teori | 6 |
| 2.1 Tidlegare forskning | 6 |
| 2.2 Moderne og tradisjonelt friluftsliv | 7 |
| 2.3 Utviklinga til norsk friluftsliv frå 1970-1990..... | 7 |
| 2.4 Utviklinga til norsk friluftsliv frå 1990-2012..... | 9 |
| 2.5 Historia til den norske folkehøgskulen..... | 11 |
| 3. Metode..... | 13 |
| 3.1 Metodeval..... | 13 |
| 3.2 Forarbeid | 14 |
| 3.3 Utval..... | 15 |
| 3.4 Intervjuguide og intervju | 16 |
| 3.5 Analyse av data | 17 |
| 3.6 Validitet og reliabilitet | 18 |
| 4. Resultat og diskusjon | 20 |
| 4.1 Endringar i aktivitetssinnhald og utstyr | 20 |
| 4.2 Endringar blant lærarar og elevar..... | 23 |
| Endringar blant lærarar..... | 23 |
| Endringar blant elevar | 25 |
| 4.3 Marknadsføring og linjenamn | 27 |
| Marknadsføring | 27 |
| Linjenamn | 29 |
| 4.4 Verdier..... | 31 |
| 4.5 Ein digresjon om vegen vidare..... | 32 |
| 5. Konklusjon | 34 |
| 6. Litteraturliste | 36 |
| 7. Vedlegg | 38 |
| 7.1 Intervjuguide | 38 |
| 7.2 Tabell 1..... | 41 |
| 7.3 Tabell 2..... | 42 |

1. Innleiing

Friluftsliv er eit vidt omgrep. I henhold til Stortingsmelding nr. 39 vert friluftsliv definert som «*opphold og fysisk aktivitet i friluft i fritiden med sikte på miljøforandring og naturopplevelse*». Når vi under ein forelesning fekk spørsmål om kva friluftsliv var, opplevde vi imidlertid utfordringar med å gje eit godt svar, nettopp fordi vår oppfatning av kva friluftsliv er, famnar om så mykje. Tidlegare i vårt studie på friluftsliv ved høgskulen i Sogndal har vi lært mykje om moderniseringa av friluftslivet. Sidan har vi blitt meir bevisst på korleis nokre av våre hovudinteresser, som bratt skikøyring, padling og klatring, er med på å endre vår forståing og kva som famnar inn under det norske omgrepet friluftsliv. Denne moderniseringa og nye forståinga av friluftsliv var eit tema vi synes var spennande å gå djupare inn i. Å undersøke generelle friluftslivstrendar hadde vore eit altfor stort prosjekt i forhold til den tida og dei ressursane vi har til rådighet. Difor måtte vi finne ein måte å innsnevre temaet på, og fann ut at folkehøgskular kan fungere som ein god forskingsarena for å finne meir ut om dette emnet.

Fleire folkehøgskular har lange tradisjonar innan friluftsliv. Etter ein rask kikk på folkehøgskulekatalogar frå 1970 og 2012, såg vi mange endringar som stemmer overeins med generelle trekk i samfunnsutviklinga og det vi hadde lært om moderniseringa av friluftslivet. Desse funna gav oss meirsmak til å finne ut kva som hadde endra seg. Vi ville undersøke korleis friluftslivet i folkehøgskulane har utvikla seg, både i forhold til aktivitetsformer, fokus på utstyr og bekledning, verdiar og deltaking. På bakgrunn av dette kom vi fram til problemstillinga vår:

«Korleis har friluftsliv i folkehøgskular endra seg frå 1980-2012?»

Vi vil finne ut om friluftsliv på folkehøgskular har endra seg parallelt med utviklinga i samfunnet generelt. Vi har valt ei vid problemstilling, og for å konkretisere resultata våre har vi difor lagt vekt på og sjå på endringar på fire underpunkt:

- Aktivitetsinnhald og utstyr
- Lærarar og elevar
- Marknadsføring og linjenamn
- Verdiar

2. Teori

For å finne svar på problemstillinga er det i forkant svært sentralt og gjere reie for eit relevant teoretisk bakgrunnsstoff. Teorien er sentral for funn og riktig framstilling av vår resultatdel, fordi vår eigen forskning vil bli samanlikna opp mot relevant teori. Først vil vi presentere litt tidlegare forskning som er gjort på temaet vi har valt, og som har vore eit relevant teoretisk grunnlag for oppgåva vår. Vidare vil vi forklare omgrepa moderne og tradisjonelt friluftsliv, for så å kome med ei utgreiing av utviklinga til norsk friluftsliv frå 1970 fram til i dag. 70-talet er relevant for vidare utvikling av friluftslivet, og vi har difor valt å ha med historie frå dette tiåret. Til slutt har vi valt å ha med ein historisk bakgrunn til folkehøgskulen.

2.1 Tidlegare forskning

Det er gjennomført ein del forskning både innan friluftslivets utvikling og om friluftsliv i folkehøgskular. Her kjem ein kort oversikt over noko materiale vi har brukt:

- Alf Odden sin doktorgradavhandling ved NTNU i 2008. Han har studert utviklingstrekk i norsk friluftsliv 1970-2004. Mykje av hans funnmateriale blir omtala i vår teoridel kring friluftslivets historie.
- Annette Bischoff og Alf Odden hadde eit innlegg på FRIFO sin *konferanse Forskning i Friluft*, i Øyer 19-20.11. 2002. Her blir den norske turkulturen sin motsetnad til det moderne samfunnet på 70 – talet og utover nemnd. Her kjem det òg fram at dei nye aktivitetane i mykje større grad er prega av marknadskrefter. Ungdomsgruppa i 2002 er stor og kjøpesterk og det blir reklamert for utstyr og aktivitetane i store mengder.
- Rune Waaler sin artikkel *Friluftsliv in the Norwegian folk high schools – Contents and values*. 90 % av friluftslivstudentane på folkehøgskular har det sosiale opplevingar som motivasjon for å drive med friluftsliv, 81 % har personleg utvikling, 73 fart og action, 68 % naturopplevingar, 28 % stillheit I nature, 10 % jakt og fiske. Dersom ein blir sosialisert inn til friluftslivet i barndommen får ein mest tradisjonelle verdiar, medan ein eldre inngang til friluftslivet ofte fører til større sjølvrealisering og moderne verdiar.

2.2 Moderne og tradisjonelt friluftsliv

Det finst fleire måtar å dele inn omgrepet friluftsliv på og ulike teoriar på kva omgrepet innebærer. Vi har valt å ta utgangspunkt i og skilje mellom tradisjonelt friluftsliv og moderne friluftsliv. Odden (2008a) definerer tradisjonelt friluftsliv først og fremst som aktivitetar som var ein etablert del av aktivitetsmønsteret før 1970-talet; fotturar, skiturar, bading, sykkelurar og haustingsaktivitetsar som bærplukking, jakt og fiske. Tordsson (2010) beskriv det moderne friluftslivet som noko trendy og ungdommeleg som oppstod på midten av 80-talet, med aktivitetar som blant anna snøbrett, frikøyning, kiting, rafting og terrengsykling.

2.3 Utviklinga til norsk friluftsliv frå 1970-1990

I 1970 åra hadde samfunnets velferdsutvikling med urbanisering og industrialisering på naturens kostnad resultert i forureina skogar, svart snø i fjella og fisketomme hav. Ei ny naturforståing vaks fram, nemleg *økologi*. Ein forstod at inngrepa i naturen måtte grensast, og at kvar enkelt del i naturen saman skapte ein heilskap. Slik vaks det fram ei ny og levande oppleving av å vere i naturen og gjennom ein aukande miljøvernaktivisme vaks det fram tankar om at friluftslivet skulle endre samfunnet (Tordsson, 2010).

På 1970- og 1980 talet vart det viktig å drive eit friluftsliv som bygde på tradisjonelle nytteformål som fiske, jakt og børsanking (Breivik, 1979). *Det rike liv med enkle midler* er eit kjend sitat frå Arne Næss som skulle inspirere til friluftsliv som livstil og tankeform (Tordsson, 2010), både Næss og Nils Faarlund var tydelege talspersonar for dette friluftslivsynet. Det blei oppretta nasjonalparkar og landskapsvernområde, og Miljøverndepartementet blei stifta i 1972 (regjeringen.no, 2012). Dette fokuset gav grobott for ein pedagogikk og friluftslivsutdanning, der friluftsliv blei institusjonalisert gjennom folkehøgskular, høgskular og kurscenter.

1/3 del av befolkninga i Noreg eigde eller disponerte hytte på 70-talet, der fridom frå mas og uro i det moderne samfunnet, blir av Goksøyr (1994) nemnd som ein av årsakene. Friluftslivet

skulle speile samfunnet og bære motførestellingar til samfunnet (Tordsson, 2010), difor skulle utstyrsbruken vere enkel og helst basert på naturmaterialar. Kommersialisering av friluftslivet, blant anna i form av sponing og marknadsføring, var uønskt (Bischoff og Odden, 2002).

Aktivitetane på denne tida skulle vere enkle og lite ressurskrevjande, formålet var å oppleve eit stilleferdig og naturnært friluftsliv (Bischoff og Odden, 2002). Både jakt, fiske, fotturar, sykkelurar, utandørs bading, bærplukking og skiturar når toppunkta sine på 70-talet. Bratt skikøyring var svært krevjande på denne tida grunna smale og lange ski, difor var det ikkje mange som dreiv med denne aktiviteten. Det blei drive tradisjonelt friluftsliv blant venner, familie og i frivillige organisasjonar, og slik blei dei fleste sosialisert innan friluftslivet (Odden, 2008a). Friluftsliv blei sett på som ein aktivitet for heile folket, sjølv om det i realiteten var eit viss skilje på kven som dreiv det. Dei mest aktive var unge menn i byar med høg utdanning frå samfunnets øvre sjikt. Nærare 80-talet auka også deltakinga blant eldre, kvinner og folk som var busett på landet (Odden, 2008a). No blei deltakinga jamnare fordelt i befolkninga. Allmenngjeringa av friluftslivet, som byrja så vidt allereie på 1800-talet, stagnerte. No var det ikkje fleire deltakarar å hente og veksten i deltakinga flata ut utover 80-talet. Einaste område kvar skiljet mellom friluftslivsdeltaking heldt seg, var mellom dei med høg og låg utdanning, der dei høgt utdanna var mest aktive (Odden, 2008a).

Media var òg med på og gjere friluftsliv allment, med eit fokus på turlivet blei det skrive artiklar i magasin om det tradisjonelle friluftslivet. Elles så fantes det ikkje særleg med alternativ til ungdommen og den norske befolkninga når det gjaldt fritidsaktivitetar; data, TV, video og mobiltelefon var sjeldan vare. Det var friluftslivet som gjaldt på fritida og som skapte kjensla av eit fellesskap. (Odden, 2008a)

På midten av 80-talet stagnerer oppslutninga kring det tradisjonelle friluftslivet, og ei endring i den tidlegare utviklinga byrjar å vise seg. Allmenngjeringa av det tradisjonelle friluftslivet blant alle delar av befolkninga hadde nådd toppen, og det byrja og vekse fram nye aktivitetsformar. Av denne grunn blir årstalet 1985 av Odden (2008a) sett på som eit

vendepunkt i norsk friluftsliv. Ungdommen byrja å forlate dei tradisjonelle aktivitetane til fordel for nye friluftsliv- og fritidsaktiviteter, det moderne friluftslivet var i anmarsj. Ungdommens deltaking i bærplukking fekk ein stor tilbakegang samstundes som deltakinga i desse aktivitetane auka blant kvinner og eldre. Oppslutninga om fotturar haldt seg stabil, medan sykkelinteressene held fram å vekse (Odden, 2008a). Interesse for skiturar vart òg endra, der deltakinga dala spesielt blant ungdommen. Alpinski byrja å bli meir vanleg der utbygging av alpinanlegg hadde skutt fart. Det første anlegget blei bygd på 1940 talet, og i slutten av 1970 åra var det komen nærare 100 anlegg (Odden, 2006). Telemarkkjøring blei også meir populært som ei følgje av at skiutstyret blei betre og lettare tilgjengeleg (Bischoff og Odden, 2002). Odden (2008a) snakkar om ein byrjande differensieringsprosess av friluftslivet på midten av 1980-talet, der friluftslivet byrja å auke i mangfald og spesialisering.

I 1986/87 kom Stortingsmelding 40, som omhandla friluftslivet. Den kom som eit resultat av ein gryande redsel for at friluftslivet ville miste sin utbreiing og oppslutning. Nokre målpunkt i meldinga var motorisert ferdsel i utmark, hytter som utgangspunkt for friluftsliv og ønskjer om økt kunnskap om helsemessige gevinstar (Aas, Hertzberg, 2000).

2.4 Utviklinga til norsk friluftsliv frå 1990-2012

Frå 1990 byrja dei moderne aktivitetane og etablere seg, og særleg unge deltakarar falt frå dei tradisjonelle friluftslivsaktivitetane til fordel for nye, fartsfylte aktivitetar som frikøyning, terrengsykling, kiting osv. Endringa i aktivitetsformene har blant anna bakgrunn i dei sosio-materielle endringane; folk fekk eit betre økonomisk utgangspunkt og meir fritid enn nokon gong (Odden, 2008a). Konkurransen frå det store mangfaldet i fritidsaktivitetar, som til dømes tv og databruk kan òg vere forklarande faktorar for fråfallet i tradisjonelt friluftsliv blant unge (Vorkinn, 2001).

Utifrå allereie etablerte aktivitetar har det oppstått nye spesialiserte underaktivitetar. Nytt utstyr har gjort aktivitetsmogelegheitene- og alternative større, og har i tillegg seinka krava til eigne dugleikar. Eit døme er skiaktiviteten som har bevegde seg frå den tradisjonelle

fjellskituren til ulike formar for alpin skiferdsel. I denne perioden vart det òg gjort store utbyggingar som tilrettelegger for nye aktivitetar, til dømes bygging av alpinanlegg, som i 2004 nådde eit tal på 536 i landet (Odden, 2008a). Medan oppslutninga om den tradisjonelle skituren har stagnert betrakteleg for ungdom frå 82% i 1972 til 44% i 2004, har bruken av alpinanlegg berre halde fram med stigande utvikling, med ei auking frå 13% i 1970 til 50% i 2004 for same aldersgruppe (Odden, 2008a). Sett bortifrå dei tradisjonelle fjellskia finn ein i dag carvingski, twin-tip, pudderski og toppturski. Eit anna døme er fotturen som har fått underaktivitetar som stavgang og samling av 2000-toppar (Odden, 2008a). Ut frå den tradisjonelle fjellklatringa har det oppstått nye underaktivitetar som innandørs og utandørs sportsklatring og buldring.

Det er ikkje berre aktivitetsformene som har endra seg over denne perioden, natursynet har òg endra seg. Til tross for at staten satsar meir på miljø og naturvern enn nokon gong, er det ikkje lengre slike faktorar som har hovudfokus i friluftslivet på same måte slik det hadde for berre 20 år sidan. Dei nye, spesialiserte aktivitetsformene gjer at naturen får ein nytteverdi framføre ein eigenverdi, og vert meir og meir brukt som ein slags kulisse eller arena for sjølve aktiviteten som står i fokus (Tordsson, 2010). Eit generelt trekk ved dei nye friluftslivsaktivitetane er at formålet har endra seg frå å finne roa og nyte naturomgjevnadane, til ein muligheit for å oppnå intense opplevingar, spenning og meistring (Odden, 2008a). «*Det rike liv med enkle midler*» og friluftsliv basert på økologi er ikkje det som står sentralt ved dei moderne aktivitetsformene som veks fram på denne tida. Blant anna har kommersialiseringa av friluftslivet ekspandert. Dei nye aktivitetane vert marknadsført gjennom nye friluftslivsmagasinet som veks fram; FriFlyt, Terrengsykling, UTE, og gjennom eit samarbeid mellom utstyrproducentar og innovatørar innan aktiviteten – noko som resulterer i ein stadig nyutvikling av utstyrsmønstre (Odden, 2008a). Dette kjem blant anna fram gjennom reklamebruk i friluftslivsmagasina, der reklamen utgjorde 33% av innhaldet i Fjell og Vidde, mot 15% i 1976 (Odden, 2008a). Denne marknadsføringa fører med seg eit overdreve behov for nytt utstyr.

Den største endringa som har skjedd i forhold til friluftslivsutviklinga er at mangfaldet i aktivitetsformer har auka i stor grad. Det store omfanget og hastigheita på spesialisering innan friluftslivet nemnar Odden (2008a) som ein mogleg bakgrunn i globaliseringa, der større reiseaktivitet og betre kommunikasjon via telefon og internett gjer at impulsane spreiar seg med stor hastigheit. Sjølv om det kan verke som at dei moderne aktivitetane har overkjørt det tradisjonelle friluftslivet i dag, er dei nye aktivitetane likevel i eit mindretal med berre ei oppslutning på 10% av befolkninga (Odden, 2008b). Det tradisjonelle friluftslivet har framleis størst oppslutning, og dei gamle tradisjonelle verdiane og formålet for å drive friluftsliv er framleis bevart blant mange i det norske folk i dag. Den tradisjonelle fotturen for å oppleve naturens fred og ro, for å få eit avbrekk frå den elles hektiske kvardagen, er framleis godt bevart i det norske folk. Naturopplevingar vert i dagens samfunn forbunde med sunn livstil og friluftsliv vert meir og meir brukt i eit helseperspektiv, blant anna som rehabiliteringsform og for og fremje fysisk aktivitet og psykisk helse (MVD, 2009).

Samla sett har friluftsliv i dag ein oppslutning på 95% blant Noregs befolkning. Oppslutninga har hatt ein nedgang på 2% blant ungdom (16-24 år), men ein vekst på 16% blant eldre (55-74år) i løpet av denne perioden (Odden, 2008a). Dei underrepresenterte gruppene som kvinner og eldre har vorte meir inkludert i tradisjonelle friluftslivsaktivitetar, men dei moderne aktivitetane har òg ført med seg eit sosialt skilje i friluftslivet der det i dag er unge menn frå byane som dominerer.

2.5 Historia til den norske folkehøgskulen

Ein folkehøgskule er ein skule som legg vekt på *fagleg læring, sosialt engasjement, demokratisk deltakelse og festlig samvær* (folkehøgskolekatalogen 2012-2013; 4). Eit skuleår varar frå august til mai, og elevane bur på internat heile opphaldet. Dei fleste skulane har ei aldersgrense på 18 år. I Norge 2012 er det 76 skular, frilynte og kristne, med til saman 300 linjer. Elevar vel ei hovudlinje etter ønske og interesse, i tillegg vel dei nokre valfag ved sida av. Dette skuleåret er eksamensfri. Det blir ikkje delt ut karakterar, men eit vitnemål dersom ein ikkje har for mykje fråvær. (folkehøgskolekatalogen, 2012-2013).

1783 blei Nikolay Fredrik Severin Grundtvig fødd i Danmark. Han var både teolog og diktar (store norske leksikon, 2009). Latinskulen på hans tid var omtrent reine puggeskular. Grundtvig kalla det *skulen for døden*. Då Grundtvig byrja som huslærer ønskte han det motsette: ingen karakterar, eksamen eller faste timeplanar. (Torjussen, 1977). Han sette det munnlege høgare enn det skriftlege og ønskte at ungdommen skulle få vokse og utfolde seg i eit friare miljø, uansett kva samfunnsklasse ein tilhørde. Undervisninga burde ta omsyn til det vanlege liv og det som var viktig i samtida (folkehøgskolekatalogen, 2012-2013). Han ville utvikle *skulen for livet*, og slik ta vare på menneskeverdet (Torjussen, 1977).

Grundtvig la idègrunnlaget for folkehøgskulen, og i 1844 vart den første skipa i Rødding i Danmark. Kristen Kold sette Grundtvigs tankar i live (Torjussen, 1977). Sitat frå eit intervju med Torjussen i Nationen 1961 visar litt av hans tankar: *Folkehøgskulen, det er den skulen der ein arbeider for å skape mennesket i staden for eksamensresultat. Den har verkeleg ei oppgåve i vår rastlause tid* (Torjussen, 1977; 10). Det danna seg ei gruppe i Norge kalla *Grundtvigs Venner i Norge*, og saman med blant anna Henrik Wergeland blei folkehøgskulen planta på norsk jord (Holdhus og Berre, 1939). Sagatun folkehøgskule opna i 1864 for 52 spente elevar, fordelt på to lærarar med sterke personlege undervisningstimer. Fag som blei tilbydt var verdshistorie, geografi, elektrisitetslære, diktverk, skriftleg- og munnleg morsmålundervisning, Noregs historie, samfunns- og samtidskunnskap, grunnlova og litteratur. Timeplanen varierte frå veke til veke, med innslag av gymnastikk og oppvisning (Torjussen, 1977).

Etter kvart vaks det fram fleire folkehøgskular i heila landet og i dei første 10 åra kom det 20 skular (Holdhus og Berre, 1939), i 1970 var det 82 skular (FIN, 1972-1973) og i 2012 76 (Folkehøgskolekatalogen, 2012-2013). Nokre skular har stengt, andre kome til. Fagtilbod og popularitet har variert og endra seg stort. Men felles har vore at forutsetningane for å lære best er *når hele mennesket engasjeres, med erfaringer, følelser, fantasi og tankekraft* (Folkehøgskolekatalogen 2012-2013). Meir enn 10% av dagens ungdom tek eit år på folkehøgskule (Folkehøgskulekatalogen, 2012-2013).

3. Metode

Metodekapittelet vil innehalde ei redegjering av metodeomgrepet og ein argumentasjon for vårt metodeval. Vidare vil vi gjere reie for gjennomføringa av vår prosess og vurdere validiteten og reliabiliteten til metoden.

3.1 Metodeval

*Vi kan tenke på metode som eit verktøy, et redskap. Et slikt redskap er en fremgangsmåte for å få svar på spørsmål og få ny kunnskap innenfor et felt. Metodene dreier seg om hvordan vi innhenter, organiserer og tolker informasjon (Larsen, 2007;17). Vidare er det to ulike metoderetningar innan den empiriske forskningstradisjonen, kvalitativ og kvantitativ metode. Desse vert av Dalland (2007;82) definert på denne måten: *Kvalitativ metode ønsker å fange opp mening og opplevelse som ikke lar seg tallfeste eller måle[...] Kvantitativ metode tar sikte på å forme informasjonen til målbare enheter [...] slik at vi kan finne gjennomsnitt og prosenter av en større mengde.**

Vi har valt kvalitativ metode, i form av djubdeintervju som vår hovudmetode. I tillegg har vi i startfasen av arbeidet vårt gjort ein innhaldsanalyse av felleskatalogane for folkehøgskular, noko som òg er med på og trekkje forarbeidet i ein kvantitativ retning.

Jacobsen (2003) nemnar at kvalitativ og kvantitativ forskning er like gode, men eignar seg best for ulike spørsmål og problemstillingar. Larsen (2007) nemner nokre fordelar og ulemper ved kvalitativ metode. Fordelane med kvalitativ metode er fleire; for det første er bortfallet lite. Det er få intervjuobjekt som trekk seg, i motsetning til kvantitative undersøkingar der det er større sjanse for at fleire lar vere å fylle ut spørjeskjema. Ved djubdeintervju opnar det opp for oppfølgingsspørsmål dersom noko informanten fortel er av vidare interesse, og det kan òg kome fram nyttig informasjon som vi ikkje har tenkt på. I tillegg er det enklare å rydde opp i misforståing av tolking kring spørsmål og svar.

Måten den kvalitative forskingsmetoden innhentar, organiserer og tolkar informasjon på passar godt for vår oppgåve; vi ønska og sjå på endring i forhold til aktivitetssinnhald og utstyr, lærarar og elevar, marknadsføring og linjenamn, og verdiar. På denne måten fekk vi ikkje berre talfesta kvifor og korleis endringane har skjedd, men fekk òg eit heilskapleg bilete av utviklinga til friluftslivet på linjene. I tillegg var målet med vår undersøking å oppnå forståing av resultatet vi fann og ikkje berre finne forklaringa (Larsen, 2007).

Arbeidsforma til den kvalitative metoden gir stor fleksibilitet, dei ulike fasane som utvikling av problemstilling, datainnsamling og analyse kan foregå litt om kvarandre. Ein er ikkje avhengig av å dele opp desse fasane fullstendig (Larsen, 2007), men har litt frie tøyler, slik at ein ikkje treng og følgje faste «reglar» heile vegen. Jacobsen (2003) nemner også dette, og kallar kvalitativ metode for ein *open metode*.

3.2 Forarbeid

For å få eit heilskapleg overblikk over fenomenet, over endringane som har skjedd i tidsperioden vi undersøker, har vi gjort eit forarbeid med innhaldsanalyse av felleskatalogane for folkehøgskular. Innhaldsanalyse vert av Jacobsen (2005, s.187) definert som «*en teknikk der vi først deler data inn i tema eller kategorier og deretter forsøker å finne sammenhenger mellom kategoriene*».

Først brukte vi felleskatalogane for å sjå på grove trekk i endringar når det gjeld tal på skular som tilbyr idrett –og friluftsliv og totalt antal idrett – og friluftslivslinjer. Vi gjekk gjennom katalogane frå 1980 og 2012 der vi talte kor mange folkehøgskular som eksisterte, kor mange folkehøgskular som tilbydde, og talet på, idrett- og friluftslivslinjer. Vi valde å telje med linjer med namn som *idrett* grunna mykje av det varierte innhaldet på desse linjene er friluftslivsrelatert, men linjer som *fotball, handball og treningsinstruktør* vart ekskludert grunna lite friluftslivsrelevans. Funna har vi framstilt i tabell 1. Vidare valte vi å sjå på endringar i linjenamn med idrett –og friluftslivssinnhald. Desse resultatane er framstilt i tabell 2. Begge desse tabellane er lagt med som vedlegg.

Fordi nokre av punkta vi såg på omhandlar tal på skuler og klasser med friluftslivsfaglig innhald, bevegde vi oss i vårt forarbeid i ein kvantitativ retning. Dette gav oss meir bakgrunnsmateriale og byggje oppgåva på, i tillegg til teorien. I etterkant har vi òg brukt dette forarbeidet til og underbygge resultatane av våre kvalitative funn. Dette forarbeidet var med på å bekrefte vår førforståing av at friluftsliv på folkehøgskular har endra seg, noko som igjen var med på å forme problemstillinga vår. Dalland (2012) nemnar òg at det er viktig å bekrefte eller avkrefta ei slik eventuell førforståing i forkant av eit arbeid.

3.3 Utval

Det kvalitative intervjuet siktar mot å undersøke i djubda (Dalland, 2012), og dette set avgrensingar til tal på intervjupersonar. Når vi gjorde utvalet til intervju valte vi difor å avgrense oss til fire personar. Dette gjorde vi òg med omsyn til tid og ressursar, fordi vi gjennom eit åpent intervju vil få mange detaljerte opplysningar, der etterarbeidet med transkripsjon og analyse av intervjuet vil vere tidkrevjande (Jacobsen, 2005). For vår undersøking har vi brukt det Larsen (2007) kallar for skjønnsmessig utveljing, der vi har tatt kontakt med dei aktuelle personane vi har antatt kan mykje om temaet. Utvalet av kva folkehøgskular vi har valt å ha med i undersøkinga er difor ikkje tilfeldig, men valt utifrå kva skular som har lengst tradisjon med friluftslivsundervisning, desse fann vi ved hjelp av felleskatalogane for folkehøgskulane frå 1980 til 2012.

For å dekke perioden vi vil undersøke (1980-2012) har vi prøvd å få intervjuet lærarar som har jobba på skulen frå 1980 og fram til idag. Lærarane som er med i intervjuet kallar Jacobsen (2005) for *informantar*, altså personar som ikkje sjølv representerer fenomenet vi undersøker, men som har god kunnskap rundt fenomenet; i vårt tilfelle kunnskap om friluftsliv i folkehøgskulen. Ved ein slik skjønnsmessig utveljingsmetode vil vi ikkje kunne generalisere resultatane våre, fordi informantane som kjem med i undersøkinga ikkje vil vere representative for alle folkehøgskulane i landet. Det er likevel ikkje hovudmålet vårt å generalisere, men heller få eit kvalitativt bilete av eit felt innanfor dei skulane vi undersøker (Larsen, 2007). Difor har vi heller ikkje tatt noko omsyn til variablar, altså eigenskapar som varierer blant

informantane. Vi har i oppgåva valt og halde informantane anonyme med omsyn til personvern av lærarane og skulen.

3.4 Intervjuguide og intervju

Gjennomføring av, og vegen til eit vellukka intervju, krevjar god førebuing. Blant anna har vi utarbeida ein intervjuguide som har vore gjennom mange endringar. Ifølge Larsen (2007) er ein slik intervjuguide med på å gje eit godt grunnlag for å svare på problemstillinga, og dei temaa som inngår i problemstillinga vår. Førsteutkastet til intervjuguiden vart for omfattande og hadde dårleg struktur. Sidan har det vore endringar i undertema, rekkjefylgja på spørsmåla og omformulering av spørsmål til vi sat igjen med ein oversiktleg og enkel intervjuguide med seks undertema og om lag 30 opne spørsmål (sjå vedlegg 1). Under intervjuet brukte vi diktafon, slik at samtalen kunne foregå fritt og flytande, og for å sikre at alle data vart korrekt framstilt i resultatdelen. Intervjuguiden vart ikkje fulgt slavisk, men vart brukt som ein mal på intervjuet, slik at informanten fekk høve til å prate relativt fritt kring temaa. På denne måten fekk vi mange svar før vi i det heile hadde stilt spørsmålet. Undervegs i intervjusituasjonen kryssa vi av dei spørsmåla vi hadde gått igjennom, og fulgte så opp med kontrollspørsmål på tema vi følte var uklare.

Under intervjuet kom informantane med nokre utsagn som vi har valt å presentere som sitat i resultatdelen. Larsen (2007) nemnar at kvalitativ metode ofte presenterer data ved sitat, noko som er ypparleg for å få fram informasjon frå intervjuobjekta på ein konkret måte. Ifølge Jacobsen (2010) skal ein strebe etter og gjengje slik informasjon fullstendig og i riktig samanheng, men «*all analyse av data innebærer en reduksjon av detaljer og mangfold*» (Jacobsen, 2010; s.36). Difor har vi i sitata vi har med, valt og fjerne unødvendige ord som vi hadde med i transkripsjonen, for å gjere teksten meir lettleselig og oversiktleg. Informantane sine meiningar og innhald vert likevel framstilt korrekt.

3.5 Analyse av data

Analyse er et granskingsarbeid der utfordringen ligger i å finne ut hva materialet har å fortelle (Dalland, 2007; 122). Det er ulike måtar ein kan analysere kvalitativ data på. Den vanlegaste er *meiningsanalyse* som også blei vårt val. Her identifiserer ein ulike trendar og mønster for deretter å søkje ein samanheng og fellesstrekk i materialet. Vårt analysearbeid bestod av å analysere og finne mønster i intervjua våre, for så og kople det opp mot friluftslivets -og folkehøgskulanes historiske fakta. Her var det mykje informasjon vi måtte redusere til det som var relevant for vår oppgåve; vi måtte *komprimere, systematisere og ordne datamaterialet slik at det blir analysertbart* (Larsen, 2007;98). Vi valte både *del- og heilheitsanalyse* for å gjere arbeidet oversiktleg. Under delanalysen delte vi intervjuet opp i underpunkta våre, slik at vi hadde full fokus på eitt emne om gangen og oppnådde eit grundig arbeid. I heilheitsanalysen samanlikna vi all informasjon frå intervju og teori samstundes slik at vi fekk ei heilskapsforståing (Larsen, 2007).

Det første vi gjorde etter at transkripsjonen var ferdig, var å lese gjennom transkripsjonsteksten og markere det vi synes var relevant i forhold til undersøkinga vår. Her opplevde vi at nokre spørsmål (om moderne og tradisjonelt friluftsliv) ikkje var relevante for vår oppgåve, og vart difor forkasta. Deretter tok vi utgangspunkt i eitt og eitt underpunkt i problemstillinga vår og samla all relevant informasjon frå intervjua knytt til kvart enkelt underpunkt. Etter vi var ferdige med eit underpunkt diskuterte vi våre funn og skreiv ned fellestrekk og ulikheiter. Dette gjorde vi med alle underpunkta våre. Vi foretok her delanalyse der vi sorterte informasjon etter kategoriar slik at arbeidet vart oversiktleg og enklare å handtere (Larsen, 2007). Når vi fekk oversikt over alle funn i intervjua kunne vi byrje samanlikninga opp mot teori og folkehøgskulekatalogar. Vidare utfylling, meir detaljert informasjon og sitatbruk henta vi frå transkripsjonane. I konklusjonen har vi ein heilheitsanalyse der vi samanlikna alle funna våre i resultatdelen og kom med ein konklusjon. Dette gjorde vi ved å gå samla gjennom resultatdelen og trekke ut dei viktigaste hovudfunna som var i samsvar med problemstillinga vår.

3.6 Validitet og reliabilitet

Validitet handlar om at dataa er relevante for problemstillinga vår (Dalland, 2007). Gjennom å bruke ein kvalitativ forskingsmetode kan ein sikre høgare validitet enn ved kvantitative metodar. Dette fordi intervju er ein fleksibel prosess kor ein kan foreta korreksjonar undervegs dersom ein oppdagar moment som er relevant for oppgåva, som ved og leggje til oppfølgingsspørsmål (Larsen, 2007). Dette opplevde vi under alle intervjua. Som nemnt fekk intervjuobjektet prate mykje fritt kring tema, slik at det ofte dukka opp uventa informasjon som viste seg å vere nyttig for oss, og vi kunne leggje inn ekstra oppfølgingsspørsmål til emnet. Dette fører til meir valid informasjon som har relevans for oppgåva vår. Vi trur òg at det vil kome fram meir valid informasjon ved å framstille informantane som anonyme, fordi det då vil vere lettare å svare ærleg på spørsmåla.

Reliabilitet viser til at undersøkinga vår er påliteleg, og at prosessen er gjort nøyaktig. Larsen (2007) viser til at det ikkje er like enkelt å sikre god reliabilitet ved kvalitative forskingsmetodar. Larsen (2007) nemnar at ein av dei største ulempene ved eit djubdeintervju, er den såkalla *kontrolleffekten*. Under intervjuet må vi vere klare på korleis vi oppfører oss, korleis kroppsspråket vårt er, og korleis vi stiller spørsmåla våre, for ikkje å påverke informanten sine svar. I og med at tre av fire intervju foregikk over telefon, fekk vi ikkje høve til å observere mimikk eller kroppsspråk, noko Larsen (2007) peikar på er viktig for ein heilskapleg forståing av situasjonen. Under transkripsjonsarbeidet i etterkant var vi difor nøye med å notere korleis intervjuobjektet høyrdes ut, stemmeleie og fyllord som var teikn på tenking, nøling, pause, samtykke, tvil etc. Vidare handlar reliabilitet om at informasjonen vi får vert behandla på ein nøyaktig måte (Larsen, 2007), blant anna ved å halde alle intervjudata under kontroll. Det vart brukt diktafon under alle intervjua, slik at alle data frå transkripsjonen skulle vere korrekte. Under transkripsjonsarbeidet møtte vi på nokre utfordringar. Under eit intervju hadde opptaket med diktafonen dårleg lyd kvalitet, medan vi opplevde språklege utfordringar med ein annan informant. Dette gjorde noko informasjon var vanskeleg å tolke, noko som kan reknast som ei feilkjelde.

Ein anna svakheit ved vårt metodeval, er at det tek lengre tid å behandle informasjonen vår i etterkant ved transkripsjon og analysering. Her er det ikkje ferdig utkryssa spørjeskjema med ferdige svarkategoriar.

Kunne vi valt andre metodiske val? Ja; vi kunne sendt ut spørjeskjema til alle folkehøgskular og friluftslivlærarar, eller vi kunne gjennomført fleire intervju. På denne måten kunne vi ha generalisert resultatane våre i større grad. Begge desse alternativa ville blitt eit for stort prosjekt for vår bacheloroppgåve med tanke på oppgåveomfang og tid til rådighet, og ei generalisering var som nemnd heller ikkje vårt hovudmål med oppgåva. Dersom vi ville hatt eit meir strukturert arbeid og tatt i bruk statistikkar over utvikling og endring i friluftslivslinjene, kunne vi endra metode.

4. Resultat og diskusjon

Vårt formål med denne oppgåva var å finne ut korleis friluftsliv i folkehøgskular har endra seg frå 1980 til 2012. Ut i frå problemstillinga har vi valt ut fire underpunkt som er våre hovudfokus. Desse vil kome i følgjande rekkefølge: *Endring i aktivitetssinnhald og utstyr, endringar blant lærarar og elevar, marknadsføring og linjenamn og verdiar.*

Kapittelet vil presentere analyse og diskusjon av empirisk materiale frå fire djubdeintervju, og innhaldsanalyse av felleskatalogane for folkehøgskulane er med å underbygge nokre av våre kvalitative funn. Interessant og relevant informasjon i våre intervju vil bli sett i samanheng med vår teori og problemstilling.

4.1 Endringar i aktivitetssinnhald og utstyr

Medan miljø og naturvern tidlegare var reine linjefag, fortel alle våre informantar at det i dag berre er ein integrert del av friluftslivundervisninga, og kjem fram under innspel på turar. Informant 3 nemnar blant anna at elevane tidlegare hadde utplassering på gamle gardsbruk og fiskebruk, som skulle gje elevane eit innblikk i primærnæringa. Dette underbyggjer teorien om at økologien som tankemåte vaks fram på 1970-talet; tankar om at friluftslivet basert på blant anna gamle bondetradisjonar skulle endre samfunnet, og ein aukande miljøvernaktivisme vaks fram. Dette synet på naturen har imidlertid fått mindre fokus blant unge i dag, noko som har ført til at linjeinnhaldet har gjennomgått ei endring på dette området der det ikkje lengre finst reine miljø og naturvernslinjer. *Også har vi hatt et valgfag som har heitt natur og miljøvern og litt forskjellig, men det er det ingen som velger lenger. Ingen elevar søker natur og miljøvern. (Informant 4).*

På 80-talet nemnar samtlege av informantane at hytte vart mykje brukt som overnattingsform, medan det i dag er meir fokus på ulike overnattingsstypar ute i naturen. Dette kan ha samanheng med at felles basisutstyr på skulane har gjennomgått ei utvikling, og skulane tilbyr

i dag blant anna telt, primus, kokekar, pulk, klatrestyr osv. som elevane får til disposisjon. Tidlegare var skulane prega av dårlegare økonomi, noko som gjorde at dei hadde lite utstyr til disposisjon; det var til dømes billigare å overnatte i hytte enn å kjøpe inn dyre telt. Det kan òg nemnast at teorien fortel om nordmenns generelle hyttevanar i denne perioden. 1/3 av befolkninga i Noreg eigde eller disponerte hytter på 70-talet. *På 80 talet lånte vi bare mitt private telt og rektors, og noen hyggelige mennesker lånte oss oss pulk til tur. (Informant 1).*

Utstyret i dag skal vere av god kvalitet, og skiftast ut ofte. Press frå media og føresette gjer at det i dag vert sett krav til HMS og tryggleiksutstyr blant lærarane. Satellitt-telefon, gps og sendar/mottakar har difor vorte ein vanleg del av sekken til lærarane når dei er ute på tur med elevane for å unngå spørsmål ved eventuelle ulukker. Fokuset på, og kravet til tryggleik, er i dag mykje høgare. *Eg synest bare det er slitsomt. Det er så mange tekniske hjelpemidler, før så dro vi på tur, men nå må eg ha med så masse elektronikk. (Informant 1).*

På byrjinga av 90-talet tilbydde etter kvart alle dei utvalte folkehøgskulane aktivitetar som klatring og brevandring, og i løpet av dette tiåret vart det fleire og meir spesialiserte linjer innan friluftsliv. Aktivitetar som frikøyning, terrengsykling, surfing og kiting gjorde at det vart sett meir fokus på kvalitet, og friluftslivet på folkehøgskulane vart meir seriøst og spesialisert. Media og kommersielle krefter har vore ei sterk marknadsføring for desse aktivitetane. Informantane fortel at friluftslivsmagasiner, reklame og youtube-filmar er med på å påverke og endra ønska til elevane, som igjen spelar inn på korleis friluftslivsinnhaldet på folkehøgskulane endrar seg i denne perioden. Dette kan vere med på og underbyggje teorien om vendepunktsåret 1985 Odden nemnar, då ungdommen byrja å forlate dei tradisjonelle friluftslivsaktivitetar til fordel for nye aktivitetar. Samstundes som interessa for alpinski skyt fart, og fleire alpinanlegg vert bygd ut, kjem blant anna linjetilbod som toppturar og bratt skikøyning som eit supplement til den vanlege fjellskituren på folkehøgskulane.

Informantane fortel at skulane i dag tilbyr lengre og fleire turar enn tidlegare, og brukar meir tid på linjefaga. Dette kan òg tenkast har samanheng med at skulane i dag har betre

økonomiske føresetnader, og betre utstyr til rådighet for å tilby eit slikt opplegg. I tillegg er ungdom i dag kjøpesterke, og elevane har meir privat utstyr og kjøper ofte utstyr når dei byrjar på folkehøgskulen, noko som ikkje var vanleg tidlegare. Informant 1 nemnar blant anna at over halvparten av elevane på skulen i dag eig to par ski. Dei nye aktivitetane vert karakterisert som utstyrskrevjande, og blant anna fordi det økonomiske utgangspunktet vart betre, fekk ein meir råd til å bruke pengar på fritid og dyrt friluftslivsutstyr. Nytt utstyr gjer det lettare å drive mange av dei nye aktivitetane og oppsøke utfordrande terreng, blant anna ved bratt skikjøring. Media og marknadskrefter har òg spelt ei innverkande rolle til å skape eit overdrive behov for nytt og spesialisert utstyr, gjerne av bestemte merker, noko alle informantane bekreftar. Dette viser òg Bischoff og Odden (2002) sine resultat på deira forskning på nye trendar i norsk friluftsliv. (...) *no er det ski for det eine og det andre, bindingar for det eine og det andre, stavar sånn og sånn, støvlar sånn og sånn. Det var ikkje, viss eg går 15 år tilbake, 10 år tilbake, så var det ikkje sånn. (Informant 3).*

Mange av dei tradisjonelle friluftslivsaktivitetane er likevel bevart på folkehøgskulane. Nærområda gjev nokre naturgitte forhold som er med på å danne eit grunnlag for innhaldet på linja, og alle informantane nemner at mange av turane som vart gått på 80-talet, eksisterer den dag idag. I tillegg nemnar alle informantane at fokuset på læring av kart og kompass er det same i dag som det var tidlegare, og at gps berre er kome inn som eit supplement og tryggleiksmiddel på tur. Informant 1 seier at fokuset på kart og kompass er blitt meir seriøst enn tidlegare, blant anna med konkrete orienteringsøker og teoritimar. Informant 4 nemnar at alle elevane er på solotur kor dei må finne fram ved hjelp av kart og kompass.

Til tross for betre kommunikasjon og betre økonomiske føresetnader, nemnar alle informantane at nærmiljøet er viktig for skulen. Det er her dei fleste turane har utgangspunkt, noko som ser ut til ikkje å ha endra seg frå tidlegare. Frå 1990-talet byrja alle informantane likevel å tilby lengre utanlandsturar på skulane sine, noko som blant anna kan fungere som eit marknadsføringstriks for å rekruttere fleire elevar til skulen. Odden (2008) nemnar at den aukande interessa for utanlandsturar og globalisering har vore ein medverkande faktor på innføring av nye, moderne aktivitetar. Informant 3 nemnar at slike langturar hadde dei

tidlegare gjennomført i nærmiljøet, gjerne i den norske fjellheimen. Denne summen av reisekostnader, krav til utstyr til både skulen og elevane, og fleire og meir spesialiserte aktivitetar har gjort sitt til at det i dag er generelt dyrare å ta eit år på folkehøgskule. *Det som er kommen i tillegg er at nokre linjer reiser til utlandet, det gjorde vi ikkje før. Det er nytt. (Informant 2).*

4.2 Endringar blant lærarar og elevar

Endringar blant lærarar

Utdanninga til våre informantar er med på og fortelje at det ikkje vart sett formelle krav til ein folkehøgskulelærer på 80-talet. Samtlege har svært allsidig bakgrunn, der alle har si hovudutdanning vektlagt i andre retningar enn friluftsliv og idrett; som ingeniørar, elektromekanikar og naturforvaltar. Nokre har tatt årseiningar innan kristendom og engelsk. Ein folkehøgskule på 80-talet var ikkje prega av friluftsliv på same måte som i dag; dei hadde òg fokus på andre fag som sosialfag, husstell, mekaniske fag, forming og allmennfag. Fagområdet for ein lærar var meir allsidig tidlegare, difor var behovet for undervisningskompetanse på slike fag også aktuelt. Sjølv om utdanningsinstitusjonar som NIH allereie i 1968 tilbydde friluftslivsutdanning, gav heller ikkje dette nokon umiddelbar endring av krav til kompetanse og utdanning for å jobbe på ein folkehøgskule.

Felles for alle informantane er at dei har tatt utdanning innan friluftsliv etter andre fullførte studiar, både frå høgskulen i Hemsedal, og årseiningar i kroppsøving og friluftsliv frå Bø og NIH. Tre av fire har òg pedagogisk utdanning, og nokre har kurs innan klatring, bre og ski. Felles er at dei har meir realutdanning enn friluftslivsutdanning, der friluftslivet hovudsakleg var ein stor del av fritida. Dette ser ein igjen i teorien der friluftsliv blei drive blant venner og familie på fritida på 70-80 talet; det var ikkje vanleg å studere friluftsliv som fag på denne tida. Ved friluftsliv som hobby tileigna dei seg mykje erfaring og generell friluftslivkunnskap som gav dei god nok kompetanse til å undervise på friluftslivslinjer.

Informantane nemner at deira interesser er blant anna ski, klatring og bre, noko som har vore gjeldande heile tida. Utifrå teorien kan ein sjå at dei med høg utdanning dreiv mest med desse aktivitetane på 70- og 80 talet, noko som stemmer overeins med våre informantar. Den som skiljar seg ut frå dei andre er informant 1, som fortel at interessa for klatring og bre har minska. I dag dreg han fram sjølve turen som det viktige, og det å vere på tur over lengre tid. Dei nye aktivitetane gjer som nemnd i teorien at naturen kan få ein nytteverdi framfor ein eigenverdi, men felles for alle er at den gode naturopplevinga alltid har stått like sterkt, uavhengig av aktivitet. Den gode naturopplevinga handlar for alle informantane om element som urørt natur, stillheit rundt eit knitrande bål og turar på toppar gjerne ingen andre har vore før.

Utover 90-talet kom det høgare krav til lærarar på friluftslivslinjer, som godkjenningar, kurs og sertifiseringar. Grunna aukande interesse for moderne aktivitetar i denne perioden fekk folkehøgskulane eit breiare friluftslivstilbod med fleire og meir spesialiserte linjer. Denne utviklinga resulterte altså i aukande utdanning- og kompetansekrav for undervisning på folkehøgskulane. *De som er her på skolen har også mye betre utdanning nå enn før. Før var det jo bare meg, men nå når de andre kom, altså de har jo studert friluftsliv og flere års kompetanse så de har masse spesialkurs i klatring og brevandring og sånn (Informant 1).*

Det kunne henda at eg hadde eit kurs der og du hadde eit kurs der, og begge deler va okei. No kan du ha ein kursstege som er den nasjonale, og har du ikkje den må du skaffe deg den (Informant 3). Dei nye aktivitetane krev mykje meir. I dag må ein ha skriftlege godkjenningar for å instruere i ein spesiell type aktivitet. Sertifiseringar, godkjenningar, eksamen og dokumentert erfaring er i dag nødvendig dersom ein skal ha gode moglegheiter for arbeid i folkehøgskule. Lærarar som utdannar seg i dag er vakse opp på 90-talet med det moderne friluftslivet, difor er det naturleg at dei har god kjennskap til dei nye aktivitetane. Informantane fortel at dagens samfunn sitt fokus på HMS i skuleverket kan vere ein grunn til det aukande kravet til lærarane. Alt må i dag vere dokumentert og kontrollert slik at eventuelle ulukker ikkje skal føre til negative konsekvensar for skulen og læraren. Utanom godkjend

kompetanse påpeikar informant 2 viktigheita av at ein folkehøgskulelærer også må drive med friluftsliv på eiga fritid, og ikkje berre ha det som eit arbeid.

Endringar blant elevar

Ein typisk elev på 80-talet vert skildra som ein som ikkje visste heilt kva han ville med livet; utan spesielle mål eller meiningar om kva dei skulle bruke dette året til. Informant 1 nemner at dei hadde mange 16 åringar på skulen på 80-talet, nokre av desse var sendt av foreldre og var umodne og umotiverte. På 90-talet vart det innført 18 års grense på skulen, og dei fekk inn fleire motiverte og reflekterte elevar. *Mange tok nok friluftsliv fordi det var lett. Mange hadde jo et forhold til det og det var koselig. Det var liksom en lett måte å vere på skolen på og komme seg ut i friluftsliv (Informant 1).*

Elevane på 80 -talet var dårlegare utstyrt med klede og turutstyr, noko som var naturleg sidan utviklinga på friluftslivsutstyr ikkje endå hadde nådd si stordomstid. Friluftslivet generelt på denne tida hadde som formål å vere stilleferdig og naturnært, det same gjaldt friluftslivet på folkehøgskulane. Motiva til elevane var ikkje så mykje meir enn å oppleve fjellet og ha det kjekt på tur.

Tre av våre informantar fortel at det var nesten berre gutar i klassen på 80-talet. Eit trekk i samfunnet på 70-talet og utover var at det var eit overtal av unge menn som dreiv friluftsliv. *Det var først da vi fikk skikkelig friluftsliv, da tror eg ikkje vi hadde meir enn et par jenter altså (Informant 1).* Utover 80 talet aukar også deltakinga generelt blant eldre og kvinner, noko som vi kan sjå igjen på kjønnsdelinga på friluftslivslinjene. Utover 90 talet kom det fleire jenter på linjene, periodar i overtal. Informant 3 påpeikar at ein årsak til overtalet av jenter på denne tida kan ha samanheng med at fleire utdanningsinstitusjonar byrja å tilby friluftslivsutdanning, og fleire gutar valte dette framfor folkehøgskule. Alle informantane fortel at rundt 2000 -talet vart kjønnsfordelinga stabilisert med om lag 50/50 gutar og jenter, men dei nemner vidare at eit lite overtal av jenter førekjem i dag både på tradisjonelle og moderne friluftslivslinjer. Dette står litt i kontrast til teorien som seier at dei moderne

friluftslivsaktivitetane generelt blir drive hovudsakleg av unge menn. Ein grunn til jenteopplutninga og til dels jenteovertalet på desse linjene kan ha bakgrunn i at mange gutar vel å gå rett på utdanningsinstitusjonar eller militærtjeneste.

Informant 1 fortel om kjenneteikn på dagens ungdom; *det er noen som har tenkt gjennom kva de vil, altså de er meir målrettet på det de skal gjøre. De har liksom en plan på kva de skal bruke folkehøgskuleåret til, eller ikkje bruke det til.* Vidare er det nokre fellestrekk som går igjen hos alle informantane når vi spør om kva som kjenneteiknar dagens elev i forhold til tidlegare. Elevane i dag er interesserte i å lære nye ting, bli betre, er meir motiverte og er i større grad bevisste- og førebudd på folkehøgskuleåret. Dei stiller også høgare krav til linja enn tidlegare, og forventningane til skuleåret er store. Fokuset på det ekstreme er vorte meir framtrudande, og mange elevar har mykje spesialisert kunnskap og erfaring innanfor ein type aktivitet. Dei ønskjer lange og krevjande turar, ønskjer å bli gode i aktivitetar, har større ambisjonar, vil vere mest mogleg ute og ha minst mogleg teori. Gjennom eit år på folkehøgskule vil dei oppsøke spenning, meistring og intense opplevingar. Frå 1985 byrjar ungdomen og visse større interesse for dei moderne friluftslivsaktivitetane, og friluftslivet aukar i mangfald og spesialisering. Media og kommersielle krefter er med og påverka ungdommane og fører til auka kunnskap og refleksjon.

Mange elevar i dag kjem med mykje meir spesialisert kunnskap enn før, spesielt på det tekniske. Mange kjem frå idretts -og friluftslivlinjer på vidaregåande og har vore inno m mange tema. Slike utdanningar var ikkje vanlege for elevane på 80-talet. Elevane på denne tida hadde også kunnskap, men meir innan generell basiskunnskap dei hadde lært via familie; plantelære, natur og miljø. 70-talet og miljøfokuset kan ha vore med på å setje preg på desse elevane.

Den fysiske forma til elevane har ikkje nokon merkbar forskjell. Informant 3 og 4 fortel om betre trente elevar tidlegare, informant 1 synest elevane er betre trena i dag og informant 2 kan ikkje fortelje om noko spesiell skilnad. Felles er likevel at elevane i dag er meir uvane

med å bære tung sekk i ulendt terreng og har meir slitasjeskadar enn før. Sjukdom generelt er også mykje meir framtrudande blant ungdom i dag. På 70-og 80-talet var det fortsatt det tradisjonelle friluftslivet og naturmiljø som var sterkt gjeldande blant ungdom, og dei var gjerne meir ute og bevegde seg i frisk luft. Vi veit at ungdom i dag er meir opptekne av databruk, tv, innandørshallar, treningssenter og ein-sidedige og spesialiserte aktivitetar som kan ha bidrege til denne slitasje- og sjukdomsutviklinga, og informantane fortel at ungdommen ikkje er så «robuste» som dei var tidlegare. Samstundes nemnar dei at det alltid har vore stor variasjon innan ferdigheiter, erfaring og fysisk form blant elevane, men dagens ungdom som vel friluftslivslinjer er generelt i betre form enn gjennomsnittet. Sjølv om elevane i dag blir framstilt som svært fokusert på det ekstreme friluftslivet, kjem det fram frå intervjuet at det er dei nære naturopplevingane som sit igjen som dei beste og sterkaste minna etter året på folkehøgskulen. Utifrå teorien kan vi òg lese at sjølv om moderne friluftsliv er svært populært er det fortsatt det tradisjonelle friluftslivet og dens verdiar som har størst oppslutning.

4.3 Marknadsføring og linjenamn

Marknadsføring

Ein aktiv marknadsføring har alltid vore viktig for folkehøgskulane. Metodane for å rekruttere flest moglege elevar har gjennomgått ei stor endring frå 1980 til i dag. Informantane fortel at marknadsføringa på 80-talet bestod hovudsakleg av innlegg i aviser, reise rundt på skular og utdanningsmesser, og produksjon av skulekatalogar. Kommersialisering av friluftsliv, ved blant anna marknadsføring, var uønskt på denne tida, men det førekom artiklar i magasin der det blei skriva om det tradisjonelle friluftslivet. Marknadsføring av friluftslivlinjene på folkehøgskular var difor ikkje utprega. Det dei brukte som informasjonskanal til elevar var skulekatalogar. Desse er i bruk i dag og, men innhald og utforming har endra seg svært mykje.

På 80-talet var det mykje meir innhald i katalogane med tekst som gav ei skildring av skulen, og linjene. Informant 4 fortel at det var svært lite bilete i katalogane, minimalt med fargebilete, men det vart iblant brukt teikningar i tillegg til tekst.

Mengden tekst totalt sett er mindre, det er større vektlegging på at det skal vere bilder som talar positivt (Informant 3)

I dag skjer marknadsføringa på ein heilt anna måte; noko ein ser blant anna ved skulekatalogane som vert brukt i mykje mindre grad i dag; ofte vert dei berre trykt opp etter behov og ikkje som masseopplag. Informant 3 nemner at dei kanskje skal slutte å produsere katalogen. Det vert likevel lagt mykje arbeid i utforminga av ein god skulekatalog, og dei er i dag sterkt prega av mange og flotte bilete, og lite tekst. Det visuelle er blitt svært viktig, medan tekstane er korte og konkrete. Dette ser vi også tydeleg i felleskatalogane for folkehøgskulane. Katalogen frå 1972/73 består stort sett berre av tekst, tilsaman i heile katalogen er det berre fem bilete. 1980/81 katalogen har også mest tekst, litt fleire bilete enn 70-katalogen, men bilete er hovudsakleg av sjølve skulane. Katalogen for 2012/2013 er derimot heilt motsett, med mange store og fargerike bilete frå opplevingar og aktivitetar, konkret og lite tekst og henvising til heimesida deira.

Utdanningsmesser og innlegg i avis har blitt kutta ut på grunn av kostnadane ikkje samsvarer med kva dei får igjen med tanke på rekrutteringa av elevar. Difor har folkehøgskular i dag heller gått inn for aktiv bruk av heimesider, reklame og sosiale media på internett, som vert oppdatert undervegs i heile skuleåret. Dette kan vi sjå igjen i utviklinga i friluftslivsreklame, som utgjorde 15 % i magasinet *Fjell og Vidde* i 1976, mot 33 % i 2004. Mange metodar og spesialisering innan reklame og marknadsføring er i dag ein realitet, og nokon folkehøgskular har eigne ansatte som jobbar innan marknadsføring. Det er blitt meir profesjonelt enn tidlegare, og med eit meir moderne preg blir ungdom freista av bilete og utanlandsturar. Det som imidlertid kjem fram som den viktigaste marknadsføringa nemnd av alle informantane, er fornøgde elevar. Desse marknadsfører skulen på ein positiv måte til venner og familie, og bruker internett til å spre bilete og opplevingar med andre. Ved dagens internett, mobil og akseptert reklamering og kommersialisering av friluftslivet er det mykje enklare for skulen og elevane å nå ut til massen.

Å framstå med ein tydeleg profil er viktig for å skilje seg ut blant alle folkehøgskulane. Dette kan vere prega av det moderne friluftslivets som utmerkar seg som noko nytt og annleis, der spesialisering er svært synleg. To av skulane ønskjer å leggje vekt på natur og miljøvern i sin profil, medan to ønskjer å framstå som fagleg sterke og med eit solid tilbod. Meir detaljert ønskjer ein skule å framstå med det breiaste friluftslivstilbodet i landet med spesialiserte linjer for einkvar smak, òn skule ønskjer å få fram at den òne friluftslivslinja dei tilbyr er svært allsidig, òn skule trekk fram lokalmiljøet og modernitet som viktig i profileringa, medan den siste vil vere forbunde med eit enkelt og nært friluftsliv. Sjølv om dei er ulikt forankra er det tydeleg at alle ønskjer ein eigen og sterk profil som kan skape interesse hos ulik ungdom.

Linjenamn

Dersom vi studerer felleskatalogen for folkehøgskular frå 1980/81 finn vi tilsaman 18 linjenamn vi kategoriserer som idrett –og friluftslivslinjer. Her finn ein linjenamn som *Naturliv, Naturvern og friluftsliv* og *Mennesket i naturen*. Her ser vi tydelege parallellar til samfunnet og det friluftsliv det representerte på denne tida. 70 -talet var sterkt prega av miljøaktivisme og naturvern, noko som vart gjenspegla ved innhaldet på folkehøgskulane. Eit friluftsliv som var enkelt, basert på naturmateriale og ikkje kommersialisert, prega linjenamna, som igjen tydar på at innhaldet også var sterkt prega av naturen og menneskets plassering og tilhørigheit i den. Linjenamna, innhald og tal på friluftslivslinjer viste at friluftslivet ikkje var spesielt breitt, og linjenamna ikkje bar preg av og vera ein form for marknadsføring.

Tal på idrett- og friluftslivslinjer i felleskatalogen frå 2012/13 visar at det har skjedd store endringar (sjå vedlegg 2). I dag er det 182 linjer som tilbyr idrett– og friluftsliv. Sjølv om talet på folkehøgskular har gått ned har talet på idrett- og friluftslivslinjer auka. Fleire folkehøgskular enn tidlegare tilbyr også friluftslivslinjer. Namna er også endra og fått eit meir moderne preg, nokre med utanlandske og fengande ord og uttrykk. I dag heiter linjene blant anna *Friluftsliv – ekstremспорт, Bratt, Friluftsliv- ski og surf, linje X, Friluftsliv off-piste, 70 grader nord* og *Friluftsliv – Himalaya*. Det moderne friluftslivet har utan tvil satt sitt preg på folkehøgskulane sine friluftslivslinjer! Informantane nemner 90-talet som ei tid då det oppstår

fleire og fleire friluftslivslinjer, noko vi også ser ved vår analyse av felleskatalogane for folkehøgskulane (sjå vedlegg 3). 1985 blir i teorien nemnd som det året då ungdommen byrjar å engasjere seg i nye fritids – og aktivitetsformar. Vidare fortel informantane at den store auka av friluftslivslinjer gav eit behov for sortering av linjene. *Vi har jo i dei aller fleste åra hatt to til fire klassar, opp til åtte no, og då er det jo noko med å sortere det.[...] Så på den måten kan du velje sjølv litt ut ifrå din interesse innanfor friluftsliv.[...] Når vi fekk fleire linjer måtte linjenamna tilpasse seg kvarandre kan du sei (Informant 2)*

I tillegg til dette nemnar informantane at namna skiftar stadig vekk, og at dette eir ein form for marknadsføring. Det er mange friluftslivslinjer i dag som tilbyr mykje av det same, og ved å skilje seg ut med stilige linjenamn, og gjerne utanlandsturar, kan det vere med på å rekruttere ungdom til ein skule. *Så en tittel det er bare ein rein marknadsføring. Du kan kalle ei linje for kva som helst, og viss folk stopper opp og lesar vidare så har ein oppnådd det ein vil. Det bør jo vere eit viss samsvar med innholdet, men målet er å få det til å lese vidare (Informant 4)*

Sjølv om linjenamnet vert bytta ut vert likevel ikkje innhaldet endra i same grad, så lenge det ikkje er snakk om ei heilt ny linje, det som er med å påverke innhaldet er først og fremst elevane og deira ønske. I tillegg er det stor semje blant informantane at media og kommersielle krefter er med på å styre namn, innhald og aktivitet på linjene. Kjende personar som Lars Monsen blir også nemnd som ein viktig marknadsføring for friluftsliv generelt, men òg for folkehøgskulane, der ungdommen blir inspirert og ønskjer å oppleve noko av det same. *Altså media er heilt klart ein veldig stor påvirkningsfaktor. Og at det har vore med på å styre ein del av våre aktivitetar det er eg heilt overbevist om (Informant 3)*

Ifølgje våre informantar blir mange av linjenamna framstilt som ekstreme, men det er fleire tradisjonelle aktiviteter i linjeinnhaldet enn det kan gje uttrykk for. Det som er verdt å merke seg til slutt er at informant 2 fortel at hans skule alltid har holdt seg til norske ord og uttrykk, med enkle og klassiske namn. Dei er svært konservative på linjenamna, *men allikavel har vi stappa full skule (Informant 2)*. Informant 1 fortel at dei spurte elevar som var ferdige om

årets moderne linjenamn versus det gamle norske. Då nemnde fleire elevar at linja godt kunne skifte tilbake til det gamle, vanlege friluftslivslinjenamnet.

4.4 Verdier

Gleda ved å vere ute i naturen under alle forhold og årstider samt fellesskap, samarbeid og meistring er verdier som informantane ønskjer å formidle til elevane. Eit ønske å ta vere på naturen og nærmiljøet gjennom sporlaus ferdsel vart òg nemnd blant alle informantane. Dei vil samtidig gje ei bevisstgjeriing i forhold til forbruk og konsekvensar av det ein gjer i naturen, både når det gjeld utstyr, aktivitetar og reising. *Det er fleire som ikkje har eit særleg bevisst forhold til naturen. Dei har eit bevisst forhold til aktivitet (Informant 3).*

Informant 4 nemnar at dei vil formidle nokre kritiske sideblikk på det moderne forbrukarsamfunnet, og at eit slikt fokus kan bidra til eit indirekte miljøengasjement blant elevane. På denne måten ynskjer folkehøgskulelærarane å formidle eit tilleggsperspektiv på den moderne utviklinga. Informant 4 meiner blant anna at *det aller giftigaste som finst, det er gore-tex*. Vi kan trekke linjer frå dagens miljøfokus til 1970-talets økologiske tenkemåte og verdigrunnlag. Det var i denne perioden ein såg og vart bevisst på korleis naturen vart påverka og tok skade av vår moderne levemåte, og det vaks fram eit samfunnskritisk og gjennomreflektert friluftsliv (Tordsson, 2010). Dei aktivitetane som inngår i det moderne friluftslivet i dag fører med seg eit enormt ressursforbruk, og kan flytte fokuset frå naturen som eigenverdi til naturen som nytteverdi. Difor går det igjen som eit viktig mål for alle informantane å få elevane til og bli kritiske og stille spørsmål til slike tema. Spesielt nærmiljøet vert nemnd av blant anna informant 1 og informant 4 som seier at dei er opptatt av at elevane skal bli glad i og verne om nærmiljøet. *Det å gjøre unge mennesker interessert i naturen slik at di har lyst å ta vare på den (Informant 1).*

At elevane opplever meistring vart nemnd som viktig blant alle informantane. Det vert lagt stort fokus på å sjå kvar enkelt elev, og la alle elevane få utfolding og utfordring til sitt nivå. Dette gjeld både meistring av ulike aktivitetar, ulike miljø og i ulike forhold. Sidan

folkehøgskule er ein sosial arena er det òg fokus på samarbeid og det å fungere og utvikle seg ilag i ei gruppe. Når ein er ute på tur er ein avhengig av kvarandre, og at alle deltek slik at gruppa kan fungere godt som ein heilskap. Ein jobbar saman mot felles mål og for å takle utfordringar, deler opplevingar saman, sit rundt bålet ilag om kvelden og deler ulike sider ved kvarandre. Informant 4 syns at *samarbeid, det er kanskje det viktigaste, det å leve saman og bli vane med å tenke på fleire enn seg sjølv.*

Fellesskap og det sosiale står som solide grunnverdiar i norsk friluftsliv. Under allmenngjeringa av friluftslivet på 80-talet vart friluftsliv sett på som ein aktivitet for heile folket, kor alle hadde muligheit til å bli inkludert og sosialisert. Folkehøgskule er ein arena kor det gode fellesskapet vert representert. Dette er sterkt bekrefta av Rune Waaler sin artikkel kor det kjem fram at heile 90 % av friluftslivsstudentane på folkehøgskular har sosiale opplevingar som motivasjon for å drive med friluftsliv. Dette blir òg nemnd av informant 4; *det som er det aller viktigaste med folkehøgskuleelevar er jo det sosiale. De har lett for å kose seg rundt bålet og skravle. (Informant 4).* I tillegg vert det blant alle informantane nemnd grunnleggjande mål som læring, erfaring og tur etter evne. Informant 2 nemnar òg nokre konkrete mål som læring av kart og kompass som han ser på som viktig.

4.5 Ein digresjon om vegen vidare

Utviklinga til friluftslivet har vore markant frå 70-talet og utover, spesielt frå 1985 då utviklinga av det moderne friluftslivet tok til. Vi synes det er interessant å høyre med friluftslivslærarar som har vore med på denne utviklinga, om korleis dei trur den vidare utviklinga av friluftslivet vil vere. Difor spurte vi våre informantar om deira tankar kring korleis dei trudde friluftslivet er om 20 år. Her var det ulike tankar og meiningar, men felles var at alle nemnde samfunnsutviklinga som ein viktig innverknadsfaktor på friluftslivsutviklinga. Folkehøgskulane og friluftslivet kjem til og følgje samfunnets utvikling, behov og økonomi. Indirekte kan ein då seie at friluftslivet vil følgje same trend som etter 1985. Elles var det personlege tankar dei ulike informantane hadde kring framtida.

Informant 1 nemnde svingingane i samfunnet som svært avgjerande for korleis tilbodet på friluftslivslinjene vil bli. Dersom populariteten vert minkande og dei får færre elevar, må dei lage nye tilbod for å trekke elevar til skulen. Kanskje dei må lage linjer som er meir økonomiske enn før dersom ei eventuell økonomisk krise oppstår?

Informant 2 håpar mange av dei same turane dei har i dag, framleis vil bestå. Samstundes fryktar han eit vidare press frå dei kommersielle kreftene og nyare aktiviteter, noko som vil trua friluftslivet. Kampen om allemannsretten trur han kan bli ein tung kamp; frykta for at grunneigarar kan kome til og sjå moglegheiter i og tene pengar på friluftslivet er stor, noko som vil vere svært uheldig for friluftslivet i Noreg fordi dette vil avgrense fri ferdsel i utmark.

Informant 3 trur at folkehøgskulelinjene fortsatt vil stå svært sterkt, grunna ei aukande søken etter fred og ro og gode opplevingar i naturen, som eit resultat av dagens levemåte.

Informant 4 er spent på om det tradisjonelle friluftslivet fortsatt vil trekke elevar og korleis linjetilbodet elles vil utvikle seg. Likevel trur han at mange av dagens tilbod vil bestå, men kanskje linjefag vil få større plass i undervisninga på bekostning av val -og fellesfag. I tillegg kan klimaendringane gjere at klatresesongen vert forlenga, men seier at dette berre blir spekulasjonar.

5. Konklusjon

Formålet med denne studien var å finne ut *korleis friluftslivslinjer i folkehøgskular har endra seg frå 1980 til 2012*. Dette ville vi kople opp mot generelle trekk i den moderne samfunns- og friluftslivsutviklinga, gjennom å samanlikne empirisk materiale frå gjennomførte djubdeintervju med relevant teori. I tillegg brukte vi informasjon frå eit forarbeid med innhaldsanalyse av folkehøgskulekatalogar. For å avgrense oppgåva fokuserte vi på fire underpunkt; endringar av aktivitetssinnhald og utstyr, endringar blant lærarar og elever, endringar av marknadsføring og linjenamn og endringar i verdier.

Våre undersøkingar og resultat viser at det har skjedd mange endringar på friluftslivslinjene. Alle underpunkta har store og mindre endringar, og vi ser at det har vore ei stor utvikling innan friluftsliv både på skulane og generelt. Vi har her tatt utgangspunkt i dei generelle trekka.

Aktivitetssinnhaldet har endra seg frå å bestå hovudsakleg av tradisjonelt friluftsliv og naturvern til å famne om mange moderne friluftslivsaktiviteter. Sjølv om mange av dei «gamle» turane og tradisjonelt friluftsliv framleis er ein stor del av innhaldet, har dei moderne aktivitetane kome inn og blitt ein stor og dominerande del av linjene. Utstyret har kome som ein symbiose til aktivitetssinnhaldet; spesialiserte aktivitetar gir spesialisert utstyr, og motsett. Utstyr til friluftslivsbruk og aktivitetar har hatt ein tydeleg utvikling; det har blitt meir avansert og fått betre kvalitet. Krav til utstyr hos skulen og elevane har auka, og alle har meir og betre utstyr enn tidlegare, som blant anna er eit resultat av betre økonomi.

Lærarar på 80-talet hadde meir realutdanning enn friluftslivutdanning, medan i dag har dei yngre lærarane friluftslivsutdanning frå høgskular, og gjerne spisskompetanse innan eitt område. Det vert i dag sett høgare krav til utdanning, sertifiseringar, dokumentert kompetanse, kurs og tryggleik. Utviklingstrekka til elevane er ikkje like markante som hos lærarane. På 80-talet var det overtal av gutar på friluftslivslinjer, deretter ein periode med

overtal jenter på 90-talet, før det i dag er relativt jamn kjønnsfordeling. Elevane i dag er generelt meir motiverte, reflekterte og interesserte i ekstreme aktivitetar. Nivå på ferdigheit, erfaring og fysisk form blant elevane har ikkje endra seg noko særleg frå 1980, men det kjem fram at det alltid har vore variasjon på desse områda.

Marknadsføringa har gått frå aktiv bruk av skulekatalogar og avisinnlegg, til bruk av internett som heimesider og sosiale mediar; dette har i dag blitt eit viktig satsingsområde for å nå ut til ungdomen. Skulekatalogane blir i dag mindre brukt enn 80 -talet. Innhaldet i skulekatalogane besto tidlegare av mykje tekst, medan det i dag er store og fargerike bilete som dominerer. Linjenamna har hatt ei stor utvikling frå enkle, norske og naturnære namn, til namn med engelske ord og moderne uttrykk. Dei skiftar ofte namn og er ein viktig marknadsføringsmetode for å rekruttere ungdom. Media og kommersielle krefter har i dag mykje større innverknad på ungdom, friluftsliv og folkehøgskular enn tidlegare.

Det kan sjå ut som at ungdom i dag har eit meir bevisst forhold til aktivitet enn til natur, difor er verdiformidling i forhold til naturen som eigenverdi viktig å formidle til ungdom i folkehøgskulen. Sporlaus ferdsel, ei bevisstgjerding i forhold til forbruk og konsekvensar av aktivitet i forhold til natur og miljø vert lagt meir vekt på i dag. Tradisjonelle friluftslivverdier som tur etter evne, meistring, samarbeid og glede av og vere ute i naturen er verdier som alltid har stått sentralt i folkehøgskulen.

Resultata vi har fått frå undersøkinga viser tydeleg at friluftsliv i folkehøgskular har endra seg frå 1980 til 2012, og har alltid fylgt samfunnets utvikling og trend. Våre funn er eit resultat av fire djubdeintervju og kan difor ikkje generaliserast, men endringane vi har funne er så tydelege at dei kan gje eit relativt korrekt bilete av utviklinga. Samstundes kan innhaldsanalyse av felleskatalogane for folkehøgskulane vere med å støtte opp under vår konklusjon.

6. Litteraturliste

- Aas, Øystein,. Hertzberg, Karine (2000) *Stortingsmelding 40 (1986-87) om friluftsliv – hvorfor kom den og hva førte den egentlig til?*¹ (Internett) Tilgjengeleg på <http://www.utmark.org/utgivelser/pub/2001-2/art/Aas-og-Hertzberg-utmark-2-2001.htm>. (Besøkt 16 september 2012)
- Bischoff, Anette. Odden, Alf (2002). *Nye trender i norsk friluftsliv – utvanning eller forsterkning av gamle mønstre og idealer*. Innlegg på FRIFO,s konferanse Forskning i Friluft, Øyer 19-20.11. 2002. Høgskolen i Telemark, Institutt for Idretts- og friluftslivsfag.
- Breivik, Gunnar (1979). *To tradisjoner i Norsk friluftsliv*. NIH kompendiet
- Dalland, Olav (utg. 2007 og 2012). *Metode og oppgaveskriving for studenter*. Gyldendal Norsk Forlag AS, Oslo.
- FNI (1972-1973). *Folkehøgskolen i Norge*. Informasjonskontoret for folkehøgskolen – informasjonskontoret for dei kristelege ungdomsskulane. Fredrikstad.
- Folkehøgskole (2012). *Om folkehøgskole. Kva er folkehøgskole?* (Internett). Tilgjengeleg på http://www.folkehogskole.no/index.php?page_id=6236. (Besøkt 23 september 2012)
- Goksøyr, Matti (1994). *Tradisjonell identitetsbygging gjennom idrett og friluftsliv*. I Nytt Norsk Tidsskrift.
- Holdhus, Olav, M., Berre, Bjarne (1939). *Den norske folkehøgskulen 1864-1939*. Noregs høgskulelærlag, Trondheim.
- Jacobsen, Dag Ingvar (2005). *Hvordan gjennomføre undersøkelser? Innføring i samfunnsvitenskapelig metode*. Høyskoleforlaget, Kristiansand.
- Jacobsen, Dag Ingvar (2010). *Forståelse, beskrivelse og forklaring. Innføring i metode for helse – og sosialfagene*. Høyskoleforlaget, Oslo.
- Larsen, Ann Kristin (2007). *En enklere metode*. Fagbokforlaget, Bergen
- MVD: Miljøverndepartementet (2009): «Naturopplevelse, friluftsliv og vår psykiske helse». Rapport fra det nordiske miljøprosjektet «Friluftsliv og psykisk helse».
- Odden, Alf (2006). *Frå ski til snowboard – utviklingstrekk i ungdommens friluftsliv 1970-2004*. Innlegg på Telemarkskonferansen 2006. HiT.
- Odden, Alf (2008a). *Kva skjer med norsk friluftsliv? En studie av utviklingstrekk i norsk friluftsliv 1970-2004*. Doktorgradavhandling ved NTNU 2008:289
- Odden, Alf (2008b). *Stabilitet eller endring – utviklingstrekk i nordmenns friluftslivsutøvelse 1970-2004*. Keynote speech på konferansen friluftslivsforskning, Karlstad Universitet, november 2008.
- Regjeringen.no (2012). Miljøverndepartementet. *Om departementet* (Internett). Tilgjengeleg på <http://www.regjeringen.no/nb/dep/md/dep.html?id=673>. (Besøkt 15 september 2012)

- Miljøverndepartementet (2012). *St.meld. nr. 39 (2000-2001), Friluftsliv - Ein veg til høgare livskvalitet, definisjon og føremål.* (Internett). Tilgjengeleg på <http://www.regjeringen.no/nn/dep/md/dokument/proposisjonar-og-meldingar/stortingsmeldingar/20002001/stmeld-nr-39-2000-2001-/3/5/2.html?id=324932>. (Besøkt 29. november 2012).
- Store norske leksikon (2009). *Nikolai Frederik Severin Grundtvig. Humanistiske fag. Litteratur. Litteratur i verden. Europa. Danmarks litteratur* (internett). Tilgjengeleg på http://snl.no/Nikolai_Frederik_Severin_Grundtvig. (Besøkt 23 september 2012).
- Tordsson, Bjørn (2010). *Friluftsliv, kultur og samfunn.* Høyskoleforlaget. Kristiansand.
- Torjusson, Aslak (1977). *Den norske folkehøgskulen.* Det Norske Samlaget, Oslo.
- Vorkinn, Marit (2001). *Norsk Friluftsliv – på randen til modernisering?* Artikkel frå www.utmark.org, besøkt 24.september 2012 kl. 22.10. Kan hentast her: <http://www.utmark.org/utgivelser/pub/2001-2/art/MaritVorkinn-UTMARK-NR-2-2001.htm>
- Waaler, Rune (2012). *Friluftsliv in the Norwegian folk high school – Contents and value.* Finnmark University College.

Felleskatalogar for folkehøgskular:

- Folkehøgskole (1972/73). *Folkehøgskolen i Norge.* Informasjonskontoret for folkehøgskolen og Informasjonskontoret for dei kristne ungdomsskulane. Fredrikstad.
- Folkehøgskole (1980). *Folkehøgskolen i Norge.* Informasjonskontoret for folkehøgskolen og Informasjonskontoret for kristen folkehøgskole. Fredrikstad.
- Folkehøgskole (1990). *Folkehøgskolen i Norge.* Informasjonskontoret for folkehøgskolen og Informasjonskontoret for kristen folkehøgskole. Oslo
- Folkehøgskole (2003/2004). *Mitt år. Folkehøgskole gir muligheter.* Informasjonskontoret for folkehøgskolen og Informasjonskontoret for kristen folkehøgskole. Oslo
- Folkehøgskole (2012/13). *Folkehøgskolene. Friår – ikkje et år fri.* Informasjonskontoret for folkehøgskolen og Informasjonskontoret for kristen folkehøgskole. Oslo

7. Vedlegg

7.1 Intervjuguide

Informasjon til intervjuobjektet:

- Munnleg samtykkeerklæring vil bli tatt opp på diktafon.
- Intervjuobjekt vil bli informert om hovudtema og underpunkt, i tillegg til praktisk informasjon om intervjuet i førekant.
- Spørsmål vil alltid handle om notid og fortid.
- Personvern, intervjuobjektet er anonym.
- Intervjuobjektet treng ikkje svare på spørsmål dersom ikkje ønskeleg.
- Strukturen i intervjuguiden er i laus form og vil ikkje følgjast punktvis.
- Intervjuobjektet har mulighet til og trekkje seg frå intervjuet utan og oppgje årsak.
- Under intervjuet vil det bli tatt i bruk diktafon for og gjere transkripsjonsarbeidet i etterkant lettare og meir presist.

1. Ditt arbeid som vegleiar i friluftsliv

- Kor jobbar du, og kva jobbar du med?
- Kor lenge har du jobba med dette? Kor lenge på denne skulen?
- Kva utdanning/bakgrunn har du?
- Kva ønsker du å oppnå som lærar på ei friluftslivslinje?
- Kva er dine hovudinteresser? Og har dei endra seg gjennom åra, i så fall kvifor?
- Har den gode naturopplevinga endra seg for deg?

2. Moderne vs tradisjonell friluftsliv

- Synest du det er reelt å snakke om to typar friluftsliv, på kva måte?
- Fortel kva du meiner om dagens friluftsliv.

- Er dagens friluftsliv meir fokusert på prestasjonar enn tidlegare? På kva måte?

3. Innhald på friluftslivslinja/linjene

Korleis har linja endra seg sidan 1980:

- Korleis har aktivitetssinnhaldet endra seg? Kvifor?
- Korleis har utgiftene for elevane og skulen endra seg?
- Korleis er fokuseringa på kart og kompassbruk no vs før? Korleis er det med gps?
- I kor stor grad har du som lærar fridom til å velje innhaldet på linja i dag i forhold før?
- Korleis er dagens turar i forhold til før? Fleire? Lengre? Meir krevande?
- Korleis er dagens overnattingsform i forhold til før? (Hytte, telt, gapahuk)
 - > Anntal teltdøgn/lavvo/gapahuk i dag vs før?
- Kva naturformer blir brukt idag? I kor stor grad brukar de nærmiljøet? Korleis var det før?
- Føler de eit «press» frå moderniseringa og utviklinga som dagens ungdomsfriluftsliv har, til å endre linjeinnhaldet?
- Korleis er kompetansenivået hos lærarane i forhold til krava på dagens aktivitetar?

4. Verdi, danning og utstyr

- Kva verdiar synest skulen det er viktig at elevane tileignar seg i undervisninga? Korleis var det før? (gammal friluftslivstradisjonar, naturkjennskap, innføring i nye aktivitetar, fart og spenning, sprengje eine grenser, mestring)
- Har skulen spesielle tankar om at skulen skal bevisst følgje samfunnets utvikling, eller vere ein kritikk mot den? Korleis?
- Korleis vert Grundtvig sine tankar formidla gjennom friluftslivsundervisninga?
- Korleis er endringa på utstysfronten:
 - > Korleis har bruk og krav til utstyr hos skulen endra seg?
 - > Korleis har bruk og krav til utstyr hos elevane endra seg?
 - > Korleis er elevane opptekne av type og mengde bekledding i dag enn før? Kvifor trur du det er slik?
- Korleis har fokuset på økologi, miljø og naturvern endra seg?

- Korleis har skulen fokus på enkeltindivid og personleg utfolding?
- Korleis har skulen fokus på samarbeid med medmenneske, natur og samfunn? Korleis har det endra seg?

5.Elevane

- Kva kjenneteiknar ein friluftslivselev på 80-talet? Beskriv med tre trekk.
- Kva kjenneteiknar dagens friluftslivselev? Beskriv med tre trekk.
- Korleis er fordelinga av kjønn, i forhold til før?
- Kor kjem dei fleste elevane frå? By eller land? Sosial forskjell? I forhold til før?
- Korleis er den fysiske og psykiske forma til dagens elev vs før?
- Har grunnkunnskapane i friluftsliv endra seg hos elevane? (Spes med tanke på naturkjennskap, tradisjonelt friluftsliv, kart/kompass)
- Kva ønskjer hadde elevane før i forhold til dagens? (m.t.p innhald på linja, turar, kunnskap dei vil tileigne seg, overnattingsform osv.)

6. Marknadsføring og linjenamn

- Korleis ønskjer skulen å framstå med sin friluftslivsprofil?
- Korleis vert skulen marknadsført for å nå ut til dei ungdommane de vil ha? No vs. Før?
- Korleis har media vore med på å endra oppslutninga til ulike aktivitetar?
- Har friluftslivslinjene endra namn? Kvifor? Er innhaldet på linjene også endra, eller er det berre namnet?
- Kor lenge har skulen hatt ein eigen skulekatalog og har det vore utvikling i innhald og utforming?

Til slutt:

- Er det andre faktorar du meiner er viktige/relevant i forhold til dette temaet?
- Korleis trur du skulen og friluftslivsundervisninga ser ut om 20 år?

7.2 Tabell 1

Som ein del av forarbeidet til oppgåva kontakta vi folkehøgskulekontoret. Herfrå fekk vi tilsendt nokre av felleskatalogane til folkehøgskular i perioden 1972 til 2012. Desse katalogane inneheld kort informasjon om kvar skule og deira linjetilbod og valfag

Felleskatalogane for folkehøgskulane frå 1980-2012 viser store endringar tal på skular som tilbyr friluftslivslinjer og i det totale antal friluftslivlinjer. Tabell 1 viser resultata vi fann. Sjølv om det er færre folkehøgskular i dag enn i 1980 har talet på folkehøgskular som tilbyr idrett –og friluftslivslinjer auka med 31, medan talet på idrett –og friluftslivslinjer har auka med 164. Dette viser tydeleg at friluftsliv er blitt ein viktig del av folkehøgskulane.

| Årstal | Tal på folkehøgskular | Tal på FHS som tilbyr idrett -og friluftslivlinjer | Tal på idrett- og friluftslivlinjer |
|---------|-----------------------|--|-------------------------------------|
| 1980/81 | 88 | 16 | 18 |
| 2012/13 | 76 | 47 | 182 |

Tabell 1. Data henta frå Felleskatalogane for folkehøgskular frå 1980/81 og 2012/13

7.3 Tabell 2

Tabell 2 inneheld linjenamn og tal på idrett – og friluftslivslinjer på 16 skular frå 1972 til 2012. Det er berre dei skulane som hadde idrett -og friluftslivstilbod i 1980 som er teke med i tabellen, fordi vi ønskte å halde fokus på sjølve utviklinga. Vi har teke i bruk fem katalogar med eit tidsintervall på omtrent 10 år fordi det er oversiktleg samstundes som vi oppnår tydelege endringar.

| <i>Skule</i> | <i>Linjenamn 1972/73</i> | <i>Linjenamn 1980</i> | <i>Linjenamn 1990</i> | <i>Linjenamn 2003/04</i> | <i>Linjenamn 2012/13</i> |
|------------------------|------------------------------|--|---|--|---|
| Elverum | | Friluftsliv | Friluftsliv | Friluftsliv | Snowboard, backpacker ekstremспорт, norwegian cultur – adventure, friluftsliv- ekstremспорт |
| Fosen | Idrettslinje | Naturliv | Økologisk landbruk, hagebruk og helsekurs, sjøbruk | Økologisk jordbruk, hest og hestestell, segling/kystfriluftsliv, naturliv, dykking | Økologisk jordbruk og hest, friluftsliv, mat – frå jord til bord |
| Fredly | | Natur – friluftsliv- forming | Natur - friluftsliv | Friluftsliv med idrett, friluftsliv med fotball | Treningsinstruktør – dancemix/step/fitness, treningsinstruktør - pulse/pump/PT, friluftsliv – brett/ski/surf, friluftsliv – fjell/ski/sjø, friluftsliv - idrett |
| Hallingdal | Idrettskurs | Idrettskurs med vekt på friluftsliv | Idrett, friluftsliv | Idrett – spring i beina og tivoli i magen, friluftsliv – bre og høgfjell, bratt – snø/is/stein | Idrett – ski og bratt, fjell, bratt, switch |
| Hurdal verk | | Naturvern og friluftsliv, | Idrett og friluftsliv, naturvern | Friluftsliv, friidrett, idrett – ski, idrett – ball, ridning | Idrett – ball, riding, friluftsliv, snow/kite/surf |

| | | | | | |
|------------------|--------------|----------------------|---|---|---|
| | | idrettsfag | og friluftsliv | | |
| Møre | Idrettslinje | Idrettslinje | Idrett – helsesport | Fjell og idrett | Adventura Egypt. Adventura Afrika, aventura vatn |
| Nordfjord | Idrett | Natur og friluftsliv | Idrett – ballspel, friluftsliv - ledertrening | Friluftsliv jakt og fiske, friluftsliv vind og vatn, friluftsliv bibel, friluftsliv ekspedisjon, friluftsliv ski, friluftsliv bre og fjell, friluftsliv aktivitet | Friluftsliv-ekspedisjon, friluftsliv – jakt og fiske, friluftsliv – aktivitet, friluftsliv – ski og surf, friluftsliv – KRIK ski, friluftsliv vind og vatn, friluftsliv – vertikalt, friluftsliv Norge på langs |

| | | | | | |
|-----------------|--------------|---|---|---|---|
| Numedal | Idrettskurs | Idrettsgruppe | Ballspel, skiidrett, gymnastikk/dans, svømming, friluftsliv - miljøvern | Linje x, telemark, dans – idrett – estetikk, fotball, survival, golf/multisport, jakt og fiske, idrett for alle | Idrett, jibbing, friluftsliv – villmark, fotball, dans, høypuls – helse, linje X |
| Sagavoll | Kroppsøving | Idrett | Idrett, natur-økologi-friluftsliv | Friluftsliv, sport og bibel, FIX (Friluftsliv, idrett, extreme) | Friluftsliv villmark, FIX (Friluftsliv ekstreme), FBI (friluftsliv, bibel, initiativ), KRIK – volleyball og ski, KRIK |
| Seljord | Idrettskurs | Idrettskurs (friluftsliv) | Natur og friluftsliv | Friluftsliv, jakt og fiske | Friluftsliv - Himalaya, Multisport – Himalaya |
| Sogndal | Idrettslinje | Friluftsliv og økologi, idrett og friluftsliv | Fotball, friluftsliv – miljø, naturfotografering | Friluftsliv, bratt og glatt, idrett | Friluftsliv, ski og klatring, idrett |
| Sunnmøre | Idrettslinje | Mennesket i naturen | Idrett, friluftsliv og | Multisport, ski og sjøsport, idrett | Dans +, multisport, sjø – snø – surf, idrett/ballspel |

| | | | | | |
|----------------|--|---|---|--|--|
| | | | miljøfag | | |
| Valdres | | Idrett og friluftsliv | Natur – friluftsliv, natur – miljøvern, idrett/trener/leder, idrett og mosjon, idrett og bibel, treningslinje for funksjonshemmede | Idrett, idrett og friluftsliv, friluftsliv – fjell – bo – fritid | Golf – snø – USA, bratt friluftsliv - Himalaya, altitude – paragliding – Italia, friluftsliv adventure – Afrika, Idrett – bistand – Afrika, Hundekjøring – Alaska, multisport – New Zealand, Idrett piste – Australia, bo - fritid |
| Voss | Idrettslinje | Idrettslinje | Idrett og friluftsliv | Idrett og friluftsliv | Frisport, idrett og friluftsliv |
| Øytun | Natur og miljøvern | Naturvern, menneske og miljø | Friluftsliv naturvern/ hundekjøring, friluftsliv – jakt og fiske, friluftsliv – turledelse, foto – friluftsliv, sosialfag og helsesport | Friluftsliv veileder, friluftsliv friluftsliv jakt og fiske, friluftsliv hundekjøring, friluftsliv Arktis, friluftsliv off piste, foto friluftsliv | Arktis, bergtatt, jakt og fiske, hundekjøring, naturfoto, 70 grader nord, offpiste, ultra, flyt. |
| Lofoten | Idrettslinje – idrett/instruksjon/ friluftsliv | Teorilinje med lokalhistorie- fiske – miljøvern, idrettslinje | Friluftsliv, sportsdykking | Friluftsliv fjell, friluftsliv tememark, friluftsliv klatring og hav, dykking, vinterfriluftsliv | Lofoten watch, surfing og ski, ski og klatring, klatring og topptur, fjell og ekspedisjon |